



VEDTEKTER FOR NÆRINGSPRISEN FRÅ VESTNES KOMMUNE

NAMN

Namnet på prisen er "Næringsprisen frå Vestnes kommune."

FØREMÅL

Føremålet med prisen er å fokusere på næringsutvikling og kunne gje ros til bedrifter og einskildpersonar som etablerer, utviklar og tryggjer arbeidsplassar og aktivitet innan industri, handel, landbruk, reiseliv og anna næringsverksemd i Vestnes kommune.

ORGANISERING

Vedtaket som gjeld næringsprisen og næringsprisutdelinga er delegert til Vestnes formannskap.

STORLEIK

Prisen fastsettest av kommunestyret og består pr. dato av ein næringsprisdiplom og ein statuett.

KVEN SOM KAN FÅ PRISEN

Næringsprisen kan gjevast til bedrifter og einskildpersonar eller grupperingar av personar/bedrifter som har vist særleg evne og vilje til å etablere og/eller trygge arbeidsplassar og aktivitet i Vestnes kommune.

KVEN SOM IKKJE KAN FÅ PRISEN

Næringsprisen kan ikkje gjevast til offentlege institusjonar eller organisasjonar som i hovudsak finansierer arbeidet sitt med offentlege midlar. Næringsprisen kan heller ikkje tildelast personar som er engasjert av det offentlege for å drive med næringsarbeid.

KUNNGJERING

Vestnes formannskap syter for å gjere prisutdelinga kjent og fastset frist for kandidatframlegg.

FRAMLEGG PÅ KANDIDATAR

Framlegg på kandidatar kan fremjast av einskildpersonar, bedrifter eller organisasjonar. Framlegg skal vere skriftlege og med grunngjeving. Berre kandidatframlegg som kjem fram i utlysingsåret blir vurdert.

VEDTAK I VESTNES FORMANNSKAP

Vestnes formannskap gjer kvart år vedtak om næringsprisen skal utdelast og kven som skal få prisen. I tilfelle prisdeling skal det avgjerast kor stor del kvar kandidat skal få. Prismottakar må ha eit fleirtal av røystene bak seg ev. ved omval mellom dei som har fått mest stemmer. Avrøystinga mellom kandidatane skal ikkje offentleggjerast. Det skal ikkje knytast særlege vilkår til korleis mottakaren skal nytte prisen.

GRUNNGJEVING

Vestnes formannskap skal grunngje vedtaket om tildeling av næringsprisen og offentleggjere årets prismottakar og tilhøyrande forslagstillar(ar.)